

KISS



Korps i Skulen - Stranda

Eit samarbeid mellom Ringstad Skule,
Stranda Kulturskule og Stranda Skulekorps

Korps i Skulen - Stranda

Korps i Skulen - Stranda, **KISS** er eit samarbeidsprosjekt mellom Ringstad Skule, Stranda Kulturskule og Stranda Skulekorps.



Ringstad Skule har i fleire år hatt eit ynskje om å kunne tilby instrumentalopplæring på eit korpsinstrument som ein del av skulen sitt musikkfag. Samspel, musisering og notelære utgjer viktige delar av fagplanen i musikk. Korps og korpsmusikk eignar seg svært godt som skulefag.

Prosjektet skal i første omgang gå over heile skuleåret 2022-2023 og vert gitt til alle 4.klassingar ved Ringstad Skule.

Prosjektet har som målsetting:

- Å gje ei variert og kvalitetsmessig god musikkopplæring ved Ringstad Skule.
- Å auke engasjementet og rekrutteringa til korpsmusikken i Stranda
- Å motarbeide utanforskap, mobbing, isolasjon og sosiale skeivheiter i ungdomsgruppa.

Organisering

Tilbodet vert ein del av musikkopplæringa til alle elevane i 4.trinn. Stranda Kulturskule vil ha ansvaret for opplæringa og det musikkfaglege i tilbodet. Stranda Skulekorps stiller med instrument og opplæringsmateriell.

Tabellen til høgre viser ein tenkt modell for korleis tilbodet vil bli organisert i grupper og fellesaktivitetar.

Etter jul

Dei som ynskjer det vil kunne fortsette som ordinære aspirantar til Stranda Skulekorps etter jul. Undervisninga vil framleis vere lagt til skulen i skuletida og vil vere gratis for elevane. Kva instrument som vil bli tilbydd etter jul er ikkje bestemt enno, men det vil bli minimum dei tre instrumenta som vert brukt i prosjektet.

Musikkfag 4.trinn - Haustsemesteret (ca. 40 elevar)											
Pulje 1 - Skulestart til haustferien (ca. 20 elevar)						Pulje 2 - Haustferien til jul (ca 20 elevar)					
ca. 11.30 - 12.00		Ca. 12.00 - 12.30		Ca. 12.30 - 13.00		ca. 11.30 - 12.00		Ca. 12.00 - 12.30		Ca. 12.30 - 13.00	
Gruppe 1 Kornett (3-4 stk)	Gruppe 1 Klarinett (3-4 stk)	Gruppe 2 Barytone (3-4 stk)	Gruppe 2 Klarinett (3-4 stk)	Gruppe 3 Kornett (3-4 stk)	Gruppe 3 Klarinett (3-4 stk)	Gruppe 1 Kornett (3-4 stk)	Gruppe 1 Klarinett (3-4 stk)	Gruppe 2 Barytone (3-4 stk)	Gruppe 2 Klarinett (3-4 stk)	Gruppe 3 Kornett (3-4 stk)	Gruppe 3 Klarinett (3-4 stk)
Våren 2023											
Dei som ynskjer å fortsette opplæring på eit korpsinstrument får tildelt instrument og fortsett som vanlege korpslevar men får undervisninga på skulen, i skuletida, samtidig med at resten av trinnet har si musikkundervisning											
Gruppe 1 Kornett. (3-4 stk ?)		Gruppe 2 Klarinett (3-4 stk ?)		Gruppe 3 Barytone (3-4 stk ?)		Gruppe 4 Saksofon (3-4 stk ?)		Gruppe 5 Tverrfløyte (3-4 stk?)		Gruppe 6 Althorn (3-4 stk ?)	

Instrumenta

Så langt har vi tenkt å tilby opplæring på tre ulike instrument - Kornett, barytone og klarinett. (sjå bilete) Desse instrumenta skal oppbevarast på skulen, men eleven vil ha "sitt" instrument som han/ho skal disponere kvar veke. Om vi maktar å skaffe finansiering vil vi kjøpe inn nye instrument som skal brukast i prosjektet.

Korpsinstrument kan enkelt delast i to ulike grupper. Messinginstrumenta har som oftast tre ventilar/knappar og lyden vert laga av leppene til den som spelar. Døme på messinginstrument er trompet/kornett, horn, barytone, trombone og tuba.

Det er ofte lett å byte mellom ulike messinginstrument fordi lyden vert laga på same måten og notane er dei same.



Kornett

Treblåseinstrumenta er laga av ulike materialer og på mange av dei vert lyden laga ved at ein bles luft på ei slags treflis. Dei vanlegaste treblåseinstrumenta er saksofon og klarinett. Tverrfløyte er også eit treblåseinstrument. Det er mange likheiter mellom dei ulike instrumenta, men det kan vere litt vanskelegare å byte mellom ulike treblåseinstrumenta.



Barytone

Det vert ikkje gitt opplæring på trommer i dette prosjektet, men elevar som ikkje maktar å knekke "spelekoden" på sitt instrument kan anten få forsøke eit av dei andre instrumenta, eller får tildelt eit rytmeinstrument/håndtromme.

Val av instrument

Vi planlegg at elevane ein dag før sommarferien får besøke kulturskulen og prøve ut dei ulike instrumenta. Her vil vi sjå litt på kven som kan passe best til dei ulike instrumenta. Elevane får også kome med ynskje.



Klarinett

Det å spele eit korpsinstrument krev ein viss fysikk og ikkje alle passar like godt til alle instrument. Ofte veit ein ikkje heilt kva som passar best før ein har prøvd. Når instrument vert tildelt vil vi ta omsyn til ynskje frå elevane, men det viktigaste er kva instrument vi trur eleven lettast vil meistre.

Følgjane vert lagt til grunn når vi tildeler instrument:

1. Tilgang på instrument og gruppeinndeling
2. Fysiske føresetnader - **NB!** Gje skulen melding om evt. nikkellergi
3. Ynskjer frå eleven



Film om dei ulike korpsinstrumenta. Presentert av Luftforsvarets musikkorps.



Film om det å spele og vere foreldre i skulekorps. Produsert av Norges Musikkorps Forbund



Film der barna viser instrument og fortel kvifor dei speler i korpset. (laga av Hosle og Bekkestua skulekorps)



Stranda Skulekorps speler "Norge i Rødt, hvitt og blått" frå kommunen sin 17.mai-film i 2021

Kvifor KISS

Korps og korpsmusikk har lange tradisjonar både i Noreg og i Stranda. Noreg er eit av få land med ein slik tradisjon, og svært mange av dei som i dag er mellom dei mest kjende norske muskarane har si fortid i eit skulekorps. Enkelte arbeider for at den norske Skulekorpsrørsla skal bli ført opp på UNESCO si verdsarvliste! Skulen og kulturskulen har saman eit ansvar for å føre denne tradisjonen vidare til nye generasjonar.

Det som kjenneteiknar skulekorpsrørsla er m.a. dette:

- Gutar og jenter - frå 10-20 år er saman om ein felles aktivitet.
- Vennskap på tvers av generasjonar.
- Det er plass til alle. Korpset har ikkje reservebenk.
- God og trygg arena for sosial læring
- God arena for sosial og kulturell integrering
- I korpset er vi alle like viktige. Alle stemmer trengs for at melodien skal fungere

Dette gjer at korpsrørsla i særleg grad er eigna for å arbeide inn i skulekvardagen til elevane. Korpset sine kjerneverdier vil kunne bidra på ein positiv måte inn i skulen sitt utvida læringsansvar og til det psykososiale miljøet i elevgruppa.

I tillegg har elevane i læreplanen (LK20) m.a. desse læremåla i musikkfaget i 4. trinn:

- *syngje og spele på instrument åleine og saman med andre ved bruk av gehør og enkel notasjon*
- *eksperimenter med rytmar, melodiar og andre grunnelement, setje saman mønster til komposisjonar, òg ved bruk av digitale verktøy, og beskrive arbeidsprosessar og resultat*
- *formidle eigne musikkopplevingar og beskriver bruk av musikalske verkemiddel ved hjelp av enkle fagomgrep*

Dette gir oss det formelle grunnlaget til å lansere prosjektet **KISS** - Korps i Skulen, Stranda.

Det er viktig å presisere at det vi her presenterer er ei skisse. Det kan difor kome endringar i opplegghet dersom vi ser at nye muligheiter opnar seg, eller at vala vi har gjort vert feil. Konkret opplegg for dei ulike puljene vil bli orientert om direkte til dei elevar/familiane det gjeld.

Trond Otto Berg
Rektor, Stranda Kulturskule

Agnes Havnen
Rektor, Ringstad Skule



General information about Skulekorps in 15 different languages. Download pdf in your chosen language.